




Alver kommune  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

## Uttale - Alver - 343/4 - oppføring av naust - dispensasjon

Vi viser til brev frå kommunen datert 28.06.2022. Saka gjeld søknad om dispensasjon frå LNF-føremålet og pbl § 1-8 for oppføring av naust. Det er i søknaden opplyst at det ikkje er utarbeida teikningar for tiltaket sidan det er ynskje om å avklare sjølve dispensasjonen før ein går vidare med ein eventuell søknad om tiltak. Vidare er det opplyst at planlagt naust vil ha ein størrelse på om lag 25 m<sup>2</sup> (ca. 4 x 6 m).



### Statsforvaltaren si vurdering

Kommunen kan berre dispensere dersom omsynet bak føresegna det vert dispensert frå, omsyna til plan- og bygningslova sine formål eller nasjonale eller regionale interesser, ikkje vert vesentleg tilsidesette. I tillegg må fordelane ved å gi dispensasjon vere klart større enn ulempene, jf. plan- og bygningslova (pbl.) § 19-2 andre ledd.

Arealdelen av kommuneplanen har vore gjennom ein omfattande prosess, og er vedteken av kommunestyret. Det skal såleis ikkje vere kurant å gjere unntak frå gjeldande plan. Ut frå omsynet til offentlegheit, samråd og medverknad i prosessen er det viktig at endringar ikkje skjer ved



dispensasjonar, men at endringane vert handsama etter reglane om kommuneplanlegging og reguleringsplanlegging, jf. Ot. prp. 32 (2007-08) s. 242.

Byggeforbodet i strandsona skal sikre både friluftsliv, ålmente interesser, natur og landskap. Strandsona skal i utgangspunktet vere ubyggd. Omsyn i LNF-område er mykje det same som i strandsona. Landbruk, natur, landskap og friluftsliv står sentralt. LNF-område skal også vere ubygde, med unntak av bygg som er naudsynt for drift av landbruksareal. Statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning for strandsona langs sjø, er klar på at avklaring av arealbruk i strandsona skal skje gjennom planlegging, og ikkje igjennom enkeltvise dispensasjonar. Dette gjeld uavhengig av kva sone området ligg i. I område med press på strandsona skal ein som hovudregel ikkje gje dispensasjon frå byggeforbodet.

Tiltaket er i strid med både byggeforbodet i strandsona og LNF-formålet sett i kommuneplanen. Området har gode strandsones kvaliteter i form av både landskap og tilgjengelegheit. Området i sjø er registrert som eit viktig friluftsområde. Eit nytt naust vil gjere området meir utbygd, og tiltaket vil endre landskap sett frå sjø. Sjølv om eit naust i mindre grad enn ein bustad eller fritidsbustad, vil privatisere området rundt, vil likevel eit nytt privat bygg auke privatiseringa av området. Statsforvaltaren vurderer at oppføring av eit naust her i vesentleg grad vil tilsidesette byggeforbodet i strandsona og LNF-formålet i kommuneplanen.

Statsforvaltaren rår ifrå dispensasjon i saka. Vi ber om å få eit eventuelt positivt vedtak til klagevurdering.

Med helsing

Gunn Tove Nyheim  
seniorrådgjevar

Hege Brekke Hellesøe  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til:

Vestland fylkeskommune

Postboks 7900

5020

BERGEN